



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Kontakt saksbehandlar

Anne-Britt Halonen, 51 56 89 04

Tildeling av skjønnstilskot til fornyings- og innovasjonsprosjekt 2021

I brev av 13. januar 2021 inviterte vi til ein søknadsrunde for kommunale fornyings- og innovasjonsprosjekt med søknadsfrist 31. mars 2021. Statsforvaltaren i Rogaland har no fordelt 10 millionar kroner til 18 prosjekt.

Om tildelinga

Det kom inn til saman 29 søknader frå 13 kommunar, med fleire samarbeidskommunar. Det var mange sterke søknader, med tema som omfattar ulike fagområde. I år har Statsforvaltaren lagt fem overordna prioriterte område til grunn for vurdering av søknadene: FNs berekraftsmål, digital forvaltning, klima og miljø, barn og unge, og samfunnstryggleik og beredskap. Alle prosjekta som blir tildelte midlar relaterer seg til ein eller fleire av desse områda. Egne retningslinjer frå kommunal- og moderniseringsdepartementet ligg òg til grunn, saman med vurdering av grad av innovasjon, gevinstrealisering, grad av tverrfagleg samarbeid og overføringsverdi.

Midla er fordelte på desse prosjekta:

Søknadsnr.	Prosjekt	Kommune	Beløp
11-21-0007	Nettverkskontakter Dalane barnevern	Eigersund mfl.	1 100 000
11-21-0002	Barnehagemyndighetsrollen i jærkommunene	Gjesdal mfl.	1 400 000
11-21-0014	Digital medvirkning for kartlegging av by-trær	Haugesund og Karmøy	290 000
11-21-0004	Et felles løft for fremtiden - heltid gir bærekraft	Karmøy	1 200 000
11-21-0015	Living lab – velferdsteknologi i praksis	Kvitsøy	240 000
11-21-0016	Små kommuner – store fordeler? - Et prosjekt for systematisk evaluering og læring fra krisehåndteringen av Covid-19	Kvitsøy og Bokn	200 000
11-21-0012	Implementering av BTI - bedre tverrfaglig innsats modell	Lund	300 000
11-21-0013	Ungdomsløftet 2021 - Bredt og raskt på tvers!	Sandnes	300 000
11-21-0017	En heldigital helsestasjon	Sokndal	100 000



11-21-0020	Jeg kan! - Bruk av digitale hjelpemidler for å skape økt struktur og mestring hos brukere med psykisk utviklingshemming	Sokndal	45 000
11-21-0011	Innovasjonskonferansen	Sola	75 000
11-21-0011	Samarbeid om å møte barnevernsreformen	Sola og Randaberg	325 000
11-21-0001	Digi Rogaland	Stavanger mfl.	1 500 000
11-21-0003	«Kunnskapsbasert praksis som system for tjeneste –og kvalitetsutvikling; hvordan få dette til i praksis?»	Stavanger mfl.	1 400 000
11-21-0008	Interaktiv digital løsning for økt engasjement gjennom deling av klima- og miljøinspirasjon	Stavanger	500 000
11-21-0009	DigiBarnevern	Stavanger mfl.	500 000
11-21-0010	Digital håndbok for overgangen til et avkarbonisert samfunn	Utsira	425 000
11-21-0019	Prosjekt Acos på Haugalandet	Vindafjord mfl.	100 000
			10 000 000

Om fornyings- og innovasjonsprosjekta

For å sikra overføringsverdi blir midlane tildelt under føresetnad av at resultatane for prosjekta blir delte med dei andre kommunane i Rogaland. Den årlege innovasjonskonferansen er ein naturleg arena for formidling av nokre av resultatane. Resultatane skal òg formidlast av Statsforvaltaren gjennom prosjektportalen ISORD.

Eigersund kommune får 1.100.000 kroner til prosjektet «Nettverkskontakter Dalane barnevern», i samarbeid med Lund og Sokndal. Gjennom prosjektet skal dei etablere to nettverkskontaktar som skal samarbeide med skular, barnehagar, helsestasjonar og kommuneadministrasjon, for å sikra riktig hjelp til riktig tid.

Gjesdal kommune er tildelt 1.400.000 kroner til «Barnehagemyndighetsrollen i jærkommunene.» Prosjektet er i samarbeid med Klepp, Time og Hå, med mål om at dei saman skal utvikle eigen kompetanse knytt til tilsyn og systemsikring av private og kommunale barnehagar.

Haugesund kommune får, i samarbeid med Karmøy kommune, 290.000 kroner til prosjektet «Digital medvirkning for kartlegging av by-trær», for blant anna registrering av eigen byøkologi.

Karmøy kommune er tildelt 1.200.000 kroner til prosjektet «Et felles løft for fremtiden - heldig gir bærekraft». Målet er å få etablert planlegging av arbeidstid i eit heiltidskulturperspektiv i kommunen.

Kvitsøy kommune får tildelt midlar til to prosjekt. 240.000 kroner blir tildelt «Små kommuner – store fordeler», i samarbeid med Bokn kommune. Kommunane skal saman etablere system og kultur for evaluering av beredskapshendingar, slik som utbrotet av covid-19. Vidare får Kvitsøy 200.000 til prosjektet «Living lab – velferdsteknologi i praksis», der målet er å utvikla seg innan området for velferdsteknologi.

Lund kommune er tildelt 300.000 kroner til prosjektet «Implementering av BTI - bedre tverrfaglig innsats modell». Målet er å utvikle kvaliteten og å modernisere det tverrfaglege tenestilbodet.



Sandnes kommune får 300.000 kroner i tilskot til «Ungdomsløftet 2021 - Bredt og raskt på tvers!», for å iverksette tiltak for å hjelpe ungdom som har det vanskeleg på grunn av smitteverntiltaka.

Sokndal kommune er tildelt 100.000 kroner for å innføre «Heldigital helsestasjon», og 45.000 kroner til prosjektet «Jeg kan! - Bruk av digitale hjelpemidler for å skape økt struktur og mestring hos brukere med psykisk utviklingshemming.»

Sola kommune er tildelt 75.000 kroner for å arrangere og digitalisere Innovasjonskonferansen i 2022. Vidare får dei 320.000 kroner til prosjektet «Samarbeid om å møte barnevernsreforma», som er i samarbeid med Randaberg kommune og Rogaland revisjon. Prosjektet dreier seg om å kartlegge og greia ut moglegheitene for faglege og økonomiske gevinstar ved samarbeid om å møte barnevernsreforma.

Stavanger kommune er tildelt midlar til fire prosjekt. Fellesprosjektet Digi Rogaland får 1.500.000 kroner i prosjektmidlar. Tildelinga gjeld alle kommunane i Rogaland, men blir betalt ut til Stavanger kommune. Til saman har denne felles satsinga blitt tildelt 11,1 mill. i skjønnsmidlar over fem år.

Vidare blir 1.400.000 kroner tildelt til prosjektet «Kunnskapsbasert praksis som system for tjeneste – og kvalitetsutvikling; hvordan få dette til i praksis?» Prosjektet er eit samarbeid mellom Stavanger, Sandnes, Strand, Hjelmeland, Hå, Gjesdal, Time, Klepp, Sola, Randaberg, Kvitsøy, Bjerkreim, Lund, Sokndal og Eigersund. Kommunane skal prøve ut nye modellar for å få kunnskapsbasert praksis til å bli den valde tilnærminga som grunnlag for faglege avgjerder i tenesteutøvinga.

Stavanger kommune får 500.000 kroner til prosjektet DigiBarnevern, som er i samarbeid med Trondheim, Asker, Bergen og Bærum. Kommunane skal velje ut ein leverandør som skal utvikle ein ny fagløyning til bruk i barnevernet.

Vidare får Stavanger kommune 500.000 kroner prosjektet «Interaktiv digital løysing for økt engasjement gjennom deling av klima- og miljøinspirasjon.» Gjennom prosjektet skal dei utvikle ein digital løysing for å hente og stille saman gode historier om klima- og miljøval.

Utsira kommune er tildelt 425.000 kroner for prosjektet «Digital håndbok for overgangen til et avkarbonisert samfunn.» Målet er å utvikle ei interaktiv digital løysing der kommunen skal arbeide for å nå måla i kommunen sin klima- og miljøplan, ved å engasjere fleire i å gjere gode val for klima og miljø i kvardagen.

Vindafjord kommune får 100.000 kroner for å slutføre «Prosjekt Acos på Haugalandet», som er eit samarbeid mellom Vindafjord, Bokn, Haugesund, Karmøy, Tysvær, Sveio og Etne. Målet til prosjektet er å etablere eit nytt samarbeid og fagleg nettverk mellom kommunane om innkjøp og drift av saks- og arkivsystem. Prosjektet blei tildelt 200.000 kroner i fjor.

Frist for rapportering 1. mars 2022

Det er ein føresetnad at kommunar som har blitt tildelt prosjektmidlar rapporterer innan **1. mars 2022**. Fristen gjeld òg prosjekt som har fått tildelt prosjektmidlar ved tidlegare tildelingar. Prosjekt som er avslutta skal levere endeleg rapport, med omtale av dei mål kommunen har nådd, erfaringar med prosjektet, oppfølging i ordinær drift, gevinstrealisering og økonomi.

Ved tildeling av tilskot til fornying- og innovasjon neste år, vil vi legge vekt på om kommunen har rapportert på prosjekta sine innan fristen.



Resultata frå prosjekta må vera dokumenterte for å sikra overføringsverdi og bevisst pengebruk. Prosjekt som ikkje er ferdige innan fristen for rapportering skal levere ein undervegs-rapport.

Rapportering skjer via prosjektportalen ISORD. Legg ved eigen prosjektrapport og -rekneskap.

Forutsetningar for tildeling

Prosjektmidlane skal utelukkande gå til formålet som skissert i prosjektsøknaden. Dersom eit prosjekt ikkje har blitt gjennomført som planlagt, og kommunen derfor ikkje har fått brukt tildelte midlar i tråd med søknad, skal kommunen rapportere om dette og midlane betalast tilbake.

Innovasjonsmidlar frå Statsforvaltaren skal ikkje gå til vanleg drift, men hjelpe kommunane til å prøva ut løysingar som kan gje betre eller meir effektivt tenestetilbod og styrka kommunane sine ulike rollar. Rapportering og erfaringsdeling er viktige verkemidlar for å få nytte av innovasjonsmidlane i heile fylket.

I tråd med utlysinga av midlane krev vi kommunal eigenfinansiering av prosjekta. Tildelingane blir lagt inn i den vanlege prosjektportalen ISORD. Der det er aktuelt, vil vi gjennom ISORD gi beskjed om viktige forutsetningar som ligg til grunn for fordelinga. **Det er derfor viktig at dei som har fått tildelt midlar følger med på tildelingane i ISORD.**

Vi gjer merksam på at midlane vil koma som del av terminutbetalingane av rammeoverføringa. Dette brevet er eit samlebrev til alle kommunane i Rogaland. Tildelingane blir også lagt inn i den vanlege prosjektportalen ISORD.

Med helsing

Lone Merethe Solheim
statsforvaltar

Monica Nessa
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Adresseliste:

Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Egersund
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal



Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland